



## Årsmelding Kvam sau og geit 2023

### Styret

Leiar/skrivar:	Svanhild Aksnes Botnen
Nestleiar:	Harald Olav Fosso
Kasserar:	Alf Olav Fykse
Styremedlem:	Ove Føyn Røyrvik
Styremedlem:	Brynjar Neteland
Varamedlemer:	Trond Are Klyve og Helen Hellestveit
Gjetarhundnemd:	Marianne Byrkjeland, Solveig Valland, Dag Laupsa-Borge

### Aktivitet gjennom året

#### 1. februar - Årsmøte

I 2022 var årsmøtet på Fruktlageret. Vi kombinerte årsmøtet med eit fagmøte med klimarådgevar Helena Elvatun frå NLR. Styret vil i 2023 forsøke med månadlege fjøsmøter/treff i «den rolege tida» den siste måndagen i månaden.

#### 4 Fjøsmøter/måndagstreff gjennomført i 2023:

27-feb – Klauvskjæring i praksis – Vetlemyrane hjå Even og Liv – godt oppmøte

27.mars – Sauekontrollen, erfaringsutveksling og øving – Hjå Soldalssmale v Ingunn – godt oppmøte

30. okt – Utplukk påsett og hold v/Per Johan Lyse, Nortura – Hjå Brynjar Neteland – middels oppmøte

27.nov – Paringssesong i praksis – Hjå Soldalssmale v Ingunn – labert oppmøte

#### 25.-26. februar - Årsmøte Hordaland Sau og Geit

HSG hadde årsmøtet på Sandsli. Alf Olav Fykse og Svanhild Aksnes Botnen representerte Kvam sau og geit her.

#### 29.september - 1.oktober – Klippekurs

Siste helg i september var det klippekurs i Kvam med mange komande flinke klipparar. Åtte personar deltok på kurset, sju av desse var frå Kvam. Det vart klipt om lag 200 dyr på kurset. Lars Norheim var instruktør.

## Søndag 1.oktober - Kåring

Kåring i ridehallen på Børve. Vi hadde kafé med grilling og godt sponsa kjøtt frå Nortura. H-Mek hadde salsutstilling under kåringa i år og. 83 dyr vart stilte til kåring. Enkel premiering av beste dyr i kvar rase samt beste individ på karaktersnitt frå dommar.

### Kåring: Totaloversikt, Kvam/Samnanger, Hordaland 01.10.2023

Rase	Ikke vurdert	Kåra	Kåra disp	Vraka	Sum
NKS	0	15	1	3	19
Kvit spæl	0	29	0	10	39
Farga spæl	0	19	0	2	21
Blæset	0	2	0	0	2
Fuglestadbroget	0	2	0	0	2
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>67</b>	<b>1</b>	<b>15</b>	<b>83</b>



Soldalssmale v/Ingunn H. Teigland hadde ein gjeng kvit spæl til kåring.

## 27. november – Fagsamling/Leiarmøte HSG på Flesland

Ingen frå styret i Kvam Sau og Geit hadde høve til å stille på denne samlinga. Ingunn H. Teigland stilte på vegne av væraringen.

## 7.desember - Julebord

Dei lokale bondelaga arrangerte julebord i Skummesalen saman med Kvam Sau og Geit.

### **Informasjonskanalar**

All aktivitet for medlemmer vert lagt ut på nettstaden <https://www.nsg.no/hordaland/lokallag/kvam-sau-og-geit/>. Saker som er lagt ut på nettstad vert delt på facebookside vår «Kvam Sau og Geit». I tillegg vert det sendt info om arrangement på sms og/eller epost. Avisa har ikkje blitt brukt. Medlemslista hjå nsg og epost/telefonnummer er grunnlaget for utsending av sms og epost.

### **Øvrig aktivitet**

Styret har i løpet av året hatt 3 styremøter, alle på nett via Teams (8.feb, 6.sept, 13.nov). Vi har elles hatt dialog via epost og telefon.

Laget sender ut informasjon ved ullinnsamling Nortura og Fatland.

Gjetarhundnemnda har også dette året hatt fantastisk driv og det er arrangert gjetarhundprøve i Steinsdalen. Sjå eigen årsmelding frå nemnda.

Svanhild Aksnes Botnen er styremedlem i Hordaland Sau og Geit for perioden 2022-2023.

Ingunn Hildonen Teigland utnemnd som 1.vara til avlsutvalet i Hordaland i 2023 og på nytt i 2024.

Sidsel Neteland Linga utnemnd som 1.vara til gjetarhundutvalet i Hordaland i 2024.

Per 31.12 var medlemstalet i laget 69 stk.

**-Styret-**

## Årsmelding for gjetarhundnemda i Kvam Sau og Geit 2023

Gjetarhundnemda har vore Marianne Byrkjeland (leiar), Solveig Valland og Dag Laupsa Borge.

25.februar, telefonmøte der me planla aktivitetar gjennom året.

11.-12. mars, fellestrening Børvehallen. Marianne og Dag hadde ansvaret. 7 ekvipasjar deltok.

25.-26.mars, fellestrening i Børvehallen. Marianne og Dag hadde ansvaret. 10 ekvipasjar deltok.

31. juli, fellestrening på Byrkjeland hjå Marianne. 7 ekvipasjar deltok.

7.august, fellestrening på Børve hjå Dag. 7 ekvipasjar deltok.

14.august, fellestrening på Soldal hjå Liv Lyngstad. 10 ekvipasjar.

21.august, fellestrening på Byrkjeland hjå Marianne. 9 deltakarar.

28.august, fellestrening hjå Sidsel Linga på Melstveit. 5 deltakarar.

25. og 26.oktober, trening hjå Liv i Fitjadalen . Trening mot kl 1. 5 deltakarar.

28.oktober, trening på Byrkjeland hjå Marianne. Trening mot kl 1. 6 deltakarar.

24.-25.juni, gjetarhundkurs. Instruktør Marianne. 5 deltakarar.

21.-22. oktober, gjetarhundkurs. Instruktør Marianne. 8 deltakarar.

Dag har delteke på Norgesserien med hunden Leo, og vart samanlagt nr 119 av totalt 216 deltakarar. Han har og delteke på prøvar i Hordaland.

Marianne har og delteke på prøvar i fylket. På Stord fekk Øyestd Mir godkjent kl 1 og vann prøven, og vart nr 3 i kl 3 med hunden Fia.

### Gjetarhundprøve 5. november

5.november arrangerte me gjetarhundprøve på Byrkjeland kl 1 og 2. Det var 2 prøvar i kvar klasse. Kvam sau og Geit stod som ansvarleg for prøva. Gunnar Henning Bakka var dommar.

Kl 1 A: 8 deltakarar. Helen Hellestveit med Inka og Liv Lyngstad med Jara (Tuddi) fekk godkjent kl 1 med hundane sine. Helen vann prøven.

Kl 1 B: 8 deltakarar. Marianne og Øyestad Mir og Helen Hellestveit med Inka fekk godkjent kl. Marianne vart nr 1 og Helen nr 2.

Kl 2 A: 7 deltakarar. Ingebjørg Kjærevik med hunden Vip vann kl 2 og fekk godkjent prøve kl 2.

Kl 2 B: 6 deltakarar. Ingebjørg Kjærevik med Vip vann også kl 2 denne gongen.

Me vil takka alle hjelparane i Kvam Sau og Geit for at dei stiller opp slik at prøven gjekk så fint. Det er mange sauebønder i Kvam som har skaffa seg gjetarhund. Me håpar me kan halda fram med treningar og med det gode miljøet me har også i 2024.

**-Gjetarhundnemda-**